

IDRETTSMINNE:

Vått i Valldal

Johan S. Grebstad, best kjend som "Bolla", er æresmedlem i Velledalen IL. At han, som den andre i laget si soge vart tilgodesett med denne høgthengande tittelen, skuldast i hovudsak hans innsats på Dalemyra stadion. I periodar som eineherskar, før det, i tospann med svogeren Per Hole-Drabløs, "Bøtel-Per", på folkemunne. Bolla var ingen banediktator, slik vi kjenner frå andre deler av bygda, men han hadde omsut for grastustane der dei gulsvarte heltane slost for poeng og endå viktigare; sjølvkjensla til velledalingane og straumgjerdingane!! Bana var så viktig i livet hans, at einast Annlaug (kona), hadde han varmare kjensler for enn ei ykt holetrakking på den lokale fotballbana.

Å nei, grusbane ! På siste halvdel av 80-talet fann dei beste spelarane i VRF at dei ville spele for nabo Sykkylven. Dermed måtte dei gulsvarte spele på nest lavaste kretsserienivå i tre sesongar. Det betydde mellom anna seriekamp mot Valldal IL. VRF hadde denne tida nokre unge spelarar som var "allergiske" mot grusbaner. Berre dei høyrde ordet GRUSBANE datt dei saman psykisk. Og vart ein kamp i siste liten flytta frå gras til grus, ja, då vart det reint ille. Yteevna fall drastisk. Akkurat dette hende då VRF skulle møte Valldal på bortebane seint i september månad, mest som om valldalingane skulle ha blitt tipsa om svakheita hjå motstandaren.

«**Pilarade**». Rett nok hadde det regna i mange dagar, men det var finevêr kampdagen. Då vi kom til Valldal låg grasbana der grøn og fin, men umerka. Grusbana var nysloga og merka. Ikkje til å ta feil av, her skulle det spelast gruskamp! Bolla var med innover som tilskodar, ein kosetur til indre fjordstrøk var fin sundagstidtrøyte. Som den baneeksperten han var, fall det naturleg at han inspiserte den stengde grasbana. Etter inspeksjonen leita han opp ein valldaling som hadde med bana å gjere, og samtalen mellom dei to gjekk om lag slik:

Bolla: - Ho ser no bra ut grasbanå døkka!

Valldalingen: - Ånei, ho e blaut utpå midta.

Bolla: - Åh, ej he no spelt på långt verre bane enj dinnje her no.

Valldalingen: - Det kan hende, men øss vil no ikkje ødeleggje banå vår.

Kort pause før Bolla svarar: - Ha ej haft nøke me dinnja banå her å gjort, ha e pilarade vurdert om e sku tikje å vatna ho.

PS. Kampen på grusen enda 1-1

ATLE HOLE